

Møtebok

Høyringsuttale på Distrikstkommisjonen si utgreiing, NOU: 2004:19

Utvasssaksnr	Utval	Møtedato
080-04	Kommunestyret	15.12.04

Endeleg vedtaksrett i saka har: kommunestyret

Dokument i saka:
NOU:19

Vedlegg:
Framlegg til høyringsuttale frå KS

Bakgrunn for saka

Distrikstkommisjonen har levert utgreiing i haust og regjeringa bed om høyringsuttaler til denne frå bl.a. kommunar innan 14. januar 05.

KS-Telemark oppnemnde ei arbeidsgruppe til å sjå på innstillinga og koma med eit framlegg for å lette (og event. samordne) innspel frå kommunane.

Vurdering

Det er viktig at kommunen gjev ei uttale til høyringa, sjølv om eg meiner momenta i innstillinga er gode sett frå Fyresdal si side! Kommisjonen peikar på mange viktige utfordringar for distrikta og også løysingar som kan vere aktuelle. Den vedlagte høyringsuttala frå KS-gruppa tek godt tak i dette og kan gjerne vere Fyresdal si uttale. Ein kan gjerne diskutere kor vidt vi vil vere mest tent med ein region som og omfattar Agder, men eg vurderar det som underordna spørsmålet om kor vidt ein i det heile ynskjer eit direkte fol.kevald nivå mellom stat og kommune i denne omgang.

Konklusjon

Fyresdal Kommune sluttar seg til den høyringuttale som KS-gruppa har utarbeidd.

Innstilling frå ordføraren:

Kommunestyret sluttar seg til vedlagte høyringsuttale og oversender den til KRD som Fyresdal Kommune si uttale.

Handsaming i Kommunestyret - 15.12.2004:

Tillegg frå ordføraren:

Vi vil presisere at vi støttar direkte folkevalt regionalt nivå, men at vi på noverande tidspunkt finn det for tidleg å ta stilling til geografiske område.

Innstillinga og tillegget frå ordføraren blir samtykket vedteke.

Vedtak i Kommunestyret - 15.12.2004:

Kommunestyret sluttar seg til vedlagte høyringsuttale og oversender den til KRD som Fyresdal Kommune si uttale.

Vi vil presisere at vi støttar eit direkte folkevalt regionalt nivå, men at vi på noverande tidspunkt finn det for tidleg å ta stilling til geografiske område.